



# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for juni 2018.

Distrikt 2305  
Klubbnr. RK  
12713

Årgang 53



ROTARY:  
MAKING A  
DIFFERENCE

---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Sverre Jarl Ulstein  
Visepres: Vegard Gjerde  
Sekretær: Arne G. Aschehoug  
Kasserar: Hanne Rognan  
Past pres: Eileen Hareide Brandal  
Styremedlem: Bjørn Teigene  
Styremedlem: Knut Strømsjordet  
Ansv.red.: Vigdis Riise  
Referent: Vigdis Riise  
Sverre Bjåstad

---

## *En sommersang*

Fagre Dal, lyse Sommer!  
Her er Marken fuld af Blommer,  
Fjorden bringer Kjølning her;  
Duft og Løv til Lunden vinke,  
I hvis grønne Hvælving blinke  
Straaleglimt som Stjerner Hær.

Fandt jeg Dig skjult herinde,  
Du mit Hjertes Tryllerinde,  
Da blev Dagen dobbelt smuk;  
Og da vilde Birkens Grene  
Ei som nu, mens jeg er ene,  
Hviske i mit Ly et Suk.

Blomsterduft, liflig Sommer,  
Vift, som mildt fra Bølgen kommer,  
Gyder Vemod i min Hu.  
Ak, thi af et dunkelt Fjerne  
Er Du skjult, min Sol og Stjerne;  
I min Drøm kun skinner Du.

*Johan Sebastian Welhaven*

---

## Referat frå Rotarymøte 4. juni 2018.

Johannes J. Hareide hadde kveldens program. Det vart eit slags senior-ego-foredrag. Det er no 29 år sidan Johs vart oppteken som medlem i klubben i 1989. Samstundes fortalde han at dette vart som eit avskjedsfordrag sidan han saman med kona no flytter til Moss og har meldt seg ut av klubben.

Johs fortalde levande om arbeidet sitt frå den tida han budde i Oslo og jobba i Fred Olsen & Co –rederiet. Han arbeidde innan rekneskap og kom difor tidvis tett inn på Fred Olsen sjølv og pengeinvesteringane hans. Ikkje minst var det interessant å høyre om investeringar innan kunst og plasseringane av denne etter kvart verdfulle samlinga. Han kom også inn på arvetvisten mellom Fred Olsen og broren Petter Olsen. Eit interessant foredrag som gav litt innsyn i kva som rørte seg «bak kulissane» i dette selskapet.

Johs starta foredraget sitt med dette innspelet: Eg er forundra over å lese at Hareid Rotary v/presidenten går inn for å løyse problemet med «Batterihus» ved å gå inn for Bjørn Teigene sitt forslag om å få flytta det planlagde «Batteribygget» til areal nedanfor Byggern. Grunnen var at Johs sjølv for ei tid tilbake hadde tilbode ferjeselskapet å plassere batteria i Tampenbuda. Det ville gi «Tampenbuda» ei sårt trengt innkome for å halde vedlike dette «landemerket» på Hareidsvika. Johs meinte det var uklokt av presidenten å partisk ta del i slik samfunnsdebatt.

I debatten etterpå kan ein oppsummere frå presidenten at intensjonen hans var å bidra til å finne anna løysing enn det skjemmande bygget som var foreslått frå ferjeselskapet. Det hadde han nok dekning for i styret.

Etter foredraget fekk Johs mange lovord for innsatsen sin i klubben. Han var gjennom meir enn eit tiår pådrivar for gjennomføring og vedlikehald av Rotarystien. I tillegg var han den som kom på ideen om stien då han var president i 2001/2002.

## Referat frå Rotarymøte 11. juni 2018.

Strandryddedag ved Overåsanden ve Sparebank1 Søre Sunnmøre.



Banken sponsa klubben for kvar pose søppel som vart samla inn



## Referat frå Rotarymøte 18. juni 2018.

Møtet vart opna av president Sverre Jarl og vi song «Vi vandrer med freidig mot»

Programmet denne dagen var egoforedrag av Karl Johan Bakken som er siste nye medlemmet i klubben vår.

Karl Johan er fødd og oppvaksen i Hjørungavåg og har nyst fylt 60 år.

Han er gift med Grete f. Røyset og saman har dei 4 born og bur på Ytre Hareid.

Karl Johan gjekk realskule på Hareid og vidaregåande skule i Ulsteinvik der han var med på

flyttinga av skulen frå Bjørndalsvegen til Varleite.

Etter dette jobba han på Hjørungavåg Verkstad i stål-og elektroavd og fekk godt innblikk i faget bl.a. saman med «TeiaJoffen». Etter dette vart det 1 år førstegongsteneste.



No var tida inne for NTH i Trondheim der eit av hovudfaga var design, noko som han også fekk praksis i ved eit cruiserederi (Skaus?) som eksamenoppgåve.

Ferdig utdanna starta han som ein av tre ingeniørar ved Ulstein Verft/Group i 1985. Han vart der til 1999 og hadde mange varierte og utviklande oppgåver der i desse åra. Det varierte frå kjøleskip, subseabåtar, ferjebygg m.m- og dette førte med reiser til både Egypt, India, Kina, Singapore, Malta m.fl. Desse åra i Ulsteingruppa var for Karl Johan ei viktig og utviklande periode der han vart vist tillit og fekk ansvar frå leiinga og var med i ein utviklande og god organisasjonskultur.

I 1999 skifta Karl Johan «beite» og byrja som Marknadsdirektør (dir.Market) i Farstad rederiet i Ålesund. Denne stillinga hadde han fram til 2005 då han tok til som **konsernsjef** for heile Farstadrederiet som hadde avdelingar bl,a i Australia og Brasil. Frå 2005 til 2017 hadde han stort ansvar og mange oppgåver. Han la mykje i at alle tilsette skulle «jobbe saman» og ha likt verdigrunnlag kvar dei enn var i verda. Farstad som rederi er no historie og Karl Johan har funne ny jobb i Herøy ved eit anna rederi.

### **Referat frå Rotarymøte 25. juni 2018.**

Presidentskifte på pakkhuset i Brandal med reker og loff.